

SAK 38/23 FORLENGING AV FORPROSJEKT CAMPUS HALLINGDAL

Bakgrunn

29. aug. 2022 vart forprosjekt Campus Hallingdal vedtatt då Regionrådet i sak 58/22 gjorde slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek prosjektplan datert 22.8.2022
2. Prosjektansvarlig (PA) blir Heidi Granli
3. Regionrådet for Hallingdal foreslår at styringsgruppe er representert ved prosjekteigarar, der Regionrådet for Hallingdal og USN har 2 representantar kvar og Gol kommune har ein representant. Det blir opna for at Rådmannsutvalet stiller med ein representant.
4. Regionrådet for Hallingdal sine representantar i styringsgruppe er:
 - Pål Rørby
 - Jan Olav Helling
 - (Ev ein rådmannsrepresentant)

I prosjektplanen som låg ved sak 58/22 var det skissert at sluttdato for prosjektet er 1. juni 2023.

No, når prosjektet er godt i gong og den viktigaste arbeidsoppgåva er å få Campus Hallingdal inn på statsbudsjettet, ser ønskje styringsgruppa å forlenge prosjektperioden til desember 2023.

Det er ikkje behov for ekstraløyvingar i samband med dette, men det er behov for eit vedtak på det.

Vurdering:

Forprosjektet Campus Hallingdal jobbar godt og har regelmessige møte.

Samarbeidsplattforma for tre-part samarbeidet mellom USN, Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune er etablert og no jobbar prosjektleiar og styringsgruppa med følgjande:

- Arbeid mot sentrale styresmakter for å sikre finansieringsgrunnlaget for ein desentralisert høgare utdanningsstruktur, gjennom fleircampusinstitusjonar
- Forankring lokalt, regionalt, nasjonalt
- Involvering av strategiske samarbeidspartnarar lokalt, regionalt, nasjonalt
- Koordinering med andre utviklingsprosjekt
- Interessentanalyse, kommunikasjonsstrategi og marknadsføring i tidleg fase
- Avklaring av campuskonsept; fysisk og digital infrastruktur, arealbehov, eventuell bruk av eksisterande bygningsmasse, ny bygningsmasse
- Kartlegging av kompetanse- og kunnskapsbehov og nærare vurdering av potensialet for campus i fjell Norge

Det å sikre finansieringsgrunnlaget for Campus Hallingdal er eit arbeid som kjem til å gå fram mot statsbudsjettframlegget i oktober og mogeleg fram mot statsbudsjettvedtak i nov/des.

Det er derfor viktig å forlenge prosjektet med 6 mnd. Forlenginga skjer innanfor same budsjetttramme som tidlegare

Forslag til vedtak:

Regionrådet vedtek at forprosjektperioden for Campus Hallingdal blir forlenga til 31.12.2023.

Hallingdal, 22. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar